

Myrkdalen

VÅTMARKA SOM VART BORTE, MEN SOM KOM ATT

Ved MYRKDALSDeltaet var det eit uvanleg variert fugleliv, heilt fram til 1987. Myrkdalsdeltaet skulle ha vore verna mot inngrep, og planane låg føre. Trass i at området var lite og låg så pass høgt som 227 moh., hadde det eit mangfald av fugleartar samanlikna med andre ferskvassvåtmarker i Indre Hordaland. Fleire av fugleartane var dessutan uvanlege elles i regionen. Deltaet hadde til dømes ein fast bekkebestand av brunnakke, truleg den einaste i sitt slag i kommunen.

Landbruket kom verneinteressene i forkjøpet, og fuglane tapte kampen om våtmarka, slik det ofte har skjedd på Vestlandet. I 1987 vart vatnet senka med 1,4 meter. Flaumane vart reduserte, slik målet var. Men langt frå alle av dei 500 dekar som skulle vinnast inn som nytt jordbruksareal, viste seg å vera eigna til dyrking. Dei 1,8 millionar kronene som hadde vore nytta til prosjektet, mesteparten statlege midlar, gav ikkje den venta utteljinga.



Frå Skjervbeim mot Myrkdalsvatnet. Deltaet som bar bygd seg ut i vatnet, har lagt att grøderike massar som no er lettdrive jordbruksland. (Svein Nord)

Ti år etter vassenkinga kom det nye statlege midlar på bordet, denne gongen til å reparera noko av skadane etter det første tilskotet. Nye kanalar vart gravne ut, og nye øyar vart bygde opp for å gjenskapa litt av

deltalandskapet. Heilt som før kunne det ikkje bli, men godt nok til at fleire bortkomne fugleslag tok til å venda attende til Myrkdalsdeltaet.

KULTURLANDSKAPET PÅ ULVUND

Ein av dei eldste gardane i Myrkdalen, ULVUND, er utpeika som eitt av 14 område i Hordaland med særleg verdifullt kulturlandskap. Jordvegen ligg i ei bratt skråning ned mot Myrkdalsvatnet. Den flataste innmarka, som i dag blir hausta til silo, var gamle kornåkrar, medan skråningane er gammal slåtteng.

Slåttengene blir framleis hausta på tradisjonelt vis, utan gjødsel. Slåtten skjer med lå i august. I korte periodar vår og haust blir engene beita. Slik bar ein halde oppe ein rik vegetasjon som kan sporast attende til mellomalderen. Fleire av artane er sjeldsynte i Hordaland. Plantene småengkall (biletet) og gjeldkarve er det registrert meir av enn på nokon annan gard i fylket.

Eit anna minne frå farne tider er alle dei gamle aske- og almetrea som tidlegare vart styvde. Trea har seinare utvikla store, tunge kroner, med mange tjukke greiner. Somme tre blir framleis styvde. Med 5-7 års mellomrom høgg ein av alle greinene, slik at dei aldri får tid til å veksa seg særleg tjukke. Meterlange kvister blir bunta saman i knippe, tørka og brukte til busdyrfôr. Dette fôret er like næringsrikt som grasfôr, og inneheld òg ein del andre mineral. For busdyra er dette reine belsekosten.

På Ulvund blir graset framleis tørka i besjer. Arne Dugstad slår den innbaldsrrike marka med langorv. (Foto: Svein Nord)

Etter nokre år veks det ut ei mengd tynne greiner på stuvane; dei blir sjåande ut som bustebovud på dei tjukke stammene.

Borken av dei tjukke greinene vart tidlegare òg nytta til fôr (skav), og veden gjekk til brensel. Stuvane veks spreitt i steinrøysar, langs gjerde og i brattlendte slåttenger.



Bjørn Moe

